

## **Tabell D-k**

### **Distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskot**

Tabellen viser bakgrunnstala for berekninga av distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskotet i 2015.

#### **Kolonne 1 – Innbyggjarar per 1.1. 2011**

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2011.

#### **Kolonne 2 – Innbyggjarar per 1.1. 2014**

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2014.

#### **Kolonne 3 – Gjennomsnittleg skatteprosent 2011-2013**

Kolonne 3 viser gjennomsnittleg skatteprosent for åra 2011-2013, i prosent av landsgjennomsnittet.

#### **Kolonne 4 – Distriktsindeks**

Kolonne 4 viser distriktsindeks per 1. januar 2013. For nærmere omtale av distriktsindeksen, viser vi til Prop. 95 S (2013-2014) *Kommuneproposisjonen 2015*.

#### **Kolonne 5 – Distriktstilskot Sør-Noreg 2015**

Distriktstilskot Sør-Noreg skal vareta kommunar i Sør-Noreg med ei svak samfunnsmessig utvikling. Tildeling av distriktstilskot Sør-Noreg tek utgangspunkt i distriktsindeksen, som er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Indeksen byggjer på indikatorar som sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur og -utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå.

Tilskotet blir tildelt kommunar i Sør-Noreg som:

- har ein distriktsindeks mellom 0 og 46,
- har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet (målt per innbyggjar), og
- ikkje mottek Nord-Noreg- og Namdalstilskot eller småkommunetilskot.

Tilskotet blir gjeve med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Satsane varierer etter verdien på distriktsindeksen. Tilskotet blir rekna ut frå talet på innbyggjarar per 1. januar 2014 og distriktsindeksen for 2013. Departementet føreslår å fordele i underkant av 397 mill. kroner gjennom distriktstilskot Sør-Noreg i 2015.

*Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2015:*

| Indeks       | Per kommune<br>(1000 kr) | Per innbyggjar<br>(kroner) |
|--------------|--------------------------|----------------------------|
| Indeks 0–35  | 3 395                    | 675                        |
| Indeks 36–38 | 2 304                    | 541                        |
| Indeks 39–41 | 1 730                    | 405                        |
| Indeks 42–44 | 1 154                    | 272                        |
| Indeks 45–46 | 577                      | 136                        |

## **Kolonne 6 – Befolkningsendring 2011-2014**

Kolonnen viser prosentvis gjennomsnittleg årleg endring i innbyggjartalet i perioden 2011 til 2014. I berekningane blir det nytta innbyggjartal frå 1. januar 2011 og 1. januar 2014.

## **Kolonne 7 – Vekstgrense veksttilskotet 2015**

Veksttilskotet er eit tilskot til kommunar med særleg høg befolkningsvekst. Tilskotet er grunngjeve med at kommunar med høg folkevekst på kort og mellomlang sikt kan ha vanskar med å tilpasse tenestetilbodet til ei voksende befolkning. Det kan vere problematisk å finansiere dei nødvendige investeringane utan at det verkar inn på tenestetilbodet. Veksttilskotet blir frå 2015 gjeve til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,6 pst. eller meir dei siste tre åra. I tillegg må kommunane ha skatteinntekter under 140 pst. av landsgjennomsnittet dei siste tre åra (målt per innbyggjar). Veksttilskotet blir gjeve som eit fast beløp per nye innbyggjar ut over vekstgrensa. Satsen for 2015 er auka til 55 000 kroner per nye innbyggjar ut over vekstgrensa. Departementet føreslår å fordele 393,4 mill. kroner som veksttilskot i 2015.

## **Kolonne 8 – Innbyggjarar ut over vekstgrensa**

Kolonne 8 viser talet på nye innbyggjarar ut over vekstgrensa på 1,6 prosent.

## **Kolonne 9 – Veksttilskot 2015**

Kolonne 9 viser kva den einskilde kommune får i veksttilskot i 2015. Satsen per nye innbyggjar ut over vekstgrensa er 55 000 kroner i 2015. Veksttilskotet til kommunen i 2015 er lik talet på nye innbyggjarar utover vekstgrensa (kol. 8) multiplisert med 55 000 kroner.